

## Avtale om bruk av iPad i Hjelmeland kommune



# Reglar for lån og bruk av læringsbrett i skulen

Hjelmelandsskulen bruker iPad som læringsbrett for alle elevane på 1.–10. trinn. Dette regelverket fortel om korleis elevane bruker læringsbrettet på best mogleg måte.

Føresette må lesa gjennom desse reglane saman med eleven sin. I slutten av skjemaet skal dokker stadfesta at dokker har lese gjennom og forstått reglane.

Har du spørsmål til reglane for lån og bruk av læringsbrett i skulen, kan du kontakta rektor på din skule, eller rådgjevar for skuleutvikling: Morten Hetland, tlf. 45 43 69 05, [Morten.Hetland@hjemeland.kommune.no](mailto:Morten.Hetland@hjemeland.kommune.no).

## Innhaldsoversikt

1 [Utlån og bruk av læringsbrett](#)

2 [Dette er ikkje lov](#)

3 [Skader og erstatningsansvar](#)

# 1 Utlån og bruk av læringsbrett

## Bruk av læringsbrett i Hjelmelandsskulen

- Læringsbrettet er eit viktig verktøy i elevane si læring og utvikling.
- Læringsbrettet er skulen sin eigedom medan eleven går på skulen.
- Dei tilsette bestemmer kor og når læringsbrettet skal brukast, og kva det skal brukast til.
- Tilsette kan inndra læringsbrettet ved brot på reglane, anten for resten av timen eller for ei fastsett tid.
- Læringsbrettet skal alltid oppbevarast og fraktast forsvarleg, med nødvendig beskyttelse, for å unngå skadar og slitasje.

## Heimebruk

- Føresette har ansvar for korleis elevane bruker læringsbrettet utanom skuletid.
- Les gjerne [retteiar for heimen](#) for tips og råd om mellom anna grensesetting og skjermbruk.
- Oppdateringar av operativsystem og appar må gjerast heime utanom skuletida.

## Lading

- Ladaren skal merkast med namneetikett.
- På 1.–2. trinn skal læringsbretta liggja igjen i ladeskap på skulen, så lenge elevane ikkje skal gjera heimelekser på læringsbrettet.
- På 3.–10. trinn skal eleven lada læringsbrettet heime. Læringsbrettet skal vera ferdig opplada før skuledagen startar.

## 2 Dette er ikkje lov

- Dela brukarnamn og passord med andre.
- Strøyma filmar eller spela spel på skulen utan samtykke frå tilsett.
- Lasta ned, oppbevare, distribuera eller kopiera materiale som bryt med opphavsrett eller lover.
- Lasta ned eller visa upassande materiale.
- Bruka utstyret på måtar som bryt med skulen sine reglar.
- Øydelegga læringsbrett, tastatur og ladar.
- Klistra på merker, dekorera eller teikna på læringsbrettet.
- Byta læringsbrett med andre elevar.
- Bruka læringsbrettet i friminutta.
- Eta eller drikka medan ein brukar læringsbrettet.
- Transportera læringsbrettet utan nødvendig beskyttelse.

### 3 Skader og erstatningsansvar

Viss læringsbrettet blir øydelagt eller ikkje fungerer, får eleven låna eit nytt læringsbrett.

Viss læringsbrettet blir skada med vilje eller på grunn av aktløyse (uaktsomhet), må føresette erstatta læringsbrettet – heilt eller delvis – i samsvar med forskrift om skulereglar i Hjelmelandsskulen og Lov om skadeerstatning.